



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

14/338-

18.12.2014

### Spørsmål om overførsel av konsesjoner fra drosjesentraler lokalt til en større sentral

Vi viser til fylkeskommunen si oversending datert 12. september 2014.

Fylkeskommunane og Oslo kommune har som løyvestyresmakt for drosje heimel i *yrkestransportforskrifta § 46* til å avgjere om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit løyvedistrikt, og til å påleggje drosjene tilknytingsplikt til sentral. Reglar om organisering og drift av sentralane skal fastsetjast i vedtekter som skal vere godkjende av løyvestyresmakta. Løyvestyresmakta har og høve til å be om at kommunale styresmakter oppnemner eit medlem i styret til drosjesentralane for å ivareta trafikantane si interesse. Det følgjer ut frå samanhengen i føresegnene at drosjesentralane må organiserast lokalt innanfor éit løyvedistrikt.

Drosjer er eit transporttilbod som rettar seg mot lokale brukarar - privatpersonar, verksemder og offentlege institusjonar/organisasjonar m.v. i lokalmiljøet. Ved sidan av rein transportformidling har sentralane ein viktig funksjon som part ved inngåing av kontrakter om kjøp av transport. Dette gjeld både kontrakter som gjeld private sine kjøp, og kjøp som ligg under det offentlege sitt ansvarsområde, som t.d. TT-transport, sjuketransport og transport av skuleborn.

Departementet legg til grunn at lokale drosjesentralar må organiserast og drivast som sjølvstendige rettseiningar, slik at leiinga av sentralen i realiteten har rettsleg handleevne m.a. i høve til å kunne stå for dagleg drift, handsaming av henvendingar frå brukarane og løyvestyresmaktene, samt å kunne inngå kontrakter om lokale transportoppdrag.

Den gjeldande organisasjonsforma for drosjesentralar som sjølvstendige lokale rettssubjekt, er ikkje til hinder for at sentralar som er lokalisert ulike stader kan ha eit overordna samordna

bestillingssystem, eller ha eit tilsvarande overordna samarbeid ved inngåing av avtalar om kjøp av taksameter, drift og vedlikehaldstenester med meir.

Med hilsen

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jan Vidar Weltzien  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert, og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

Kopi  
Oslo kommune  
Rogaland fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune